



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sykkylven kommune  
Cathrine Hovdenakk  
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/257-2

29.01.2016

**Vurdering av omgrepet "uforholdsmessig stor kostnad" og fastsetjing av kostnadsgrense - Plan- og bygningslova §§ 27-1**

Vi viser til e-posten dykkar, sendt 11. januar 2016. I e-posten stiller dykk spørsmål om kommunen skal gjere ei eiga kostnadsvurdering for kvar einskild tilknytingspliktige eigedom der kommunestyret har vedtatt at kostnader ved tilknytning til offentlig vassleidning ut over kroner 90 000, skal dekkast av kommunen. Departementet gjer merksam på at vi ikkje vurderer den konkrete saka, men vi kan gje ein generell tolking av regelverket.

Krav om tilknytning gjeld der vassleidning går fram til, over eller langs eigedomen. I desse tilfella skal eigedomen knytast til leidninga, men kommunen kan gjere unntak frå plikta til å kople seg på leidninga viss dette vil innebere ein "uforholdsmessig stor kostnad", jf- § 27-1 andre ledd. Når kostnaden eventuelt overstig terskelen, må vurderast ut frå ei samanlikning med kva som vil vere den normale kostnaden i området, og det er ikkje tilstrekkeleg at kostnaden er noko høgare en normalkostnaden. Det kan vere vanskeleg å berekne kva som ligg i uforholdsmessig stor kostnad, og departementet har derfor tilrådd at kommunane oppgjer eit tak eller ein anslått normalkostnad. Vi viser til vårt brev datert 10.05.2012 til Fylkesmannen i Hedmark (j.nr. 11/312-2).

Etter forvaltningslova skal ei sak vere så godt opplyst som mogleg. Når kommunen gjer plikten til å knyta seg til gjeldande, må den i utgangspunktet kjenne til normalkostnaden for området, og berekne kostnaden for den einskilde eigedomen. Dette er naudsynt for at kommunen skal kunne gjere ei forsvarleg vurdering av om kostnaden for eigedomen er uforholdsmessig. Men dette kan stille seg annleis viss kommunen på dokumentert og forsvarleg vis har berekna når kostnaden for alle eigedomane i området overstig kva som er

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
NO-0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Bustad- og  
bygningssavdelinga

Sakshandsamar  
Knut F Rasmussen  
22 24 71 49

"uforholdsmessig", og har vedteke at kommunen dekker kostnadene som overstig dette. Slik departementet ser det, vil det då i dei aller fleste tilfelle ikkje vere naudsynt med ei særleg utrekning for den einskilde eigedomen. Viss kostnaden for eigedomen blir lågare, vil den ikkje vere uforholdsmessig, og viss den blir høgare dekker kommunen den delen som inneber at kostnaden kunne blitt uforholdsmessig stor.

Med helsing

Ole Molnes (e.f.)  
avdelingsdirektør

Knut F Rasmussen  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*